

Vår dato: 02.08.2011
Dykkar dato: 11.04.2011
Vår ref: 1128394
Dykkar ref: NVE 200901128-54 kv/jaso



NVE
Postboks 5091 Majortstua
0301 OSLO

HØYRINGSFRÅSEGN TIL KONSESJONSSØKNAD FOR BREIM KRAFTVERK I GLOPPEN KOMMUNE

Vi viser til Dykkar brev av 11.04.2011 og til konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Breim kraftverk i Breimsvassdraget i Gloppen kommune som er utlagt på Dykkar internettside.

Vår uttale vil dreie seg om nettsituasjonen generelt i Sogn og Fjordane og lokale tilhøve i Breimsområdet.

Vi vil i utgangspunktet gjere merksam på at sentralnettkapasiteten i Sogn og Fjordane har blitt ein flaskehals med omsyn til å føre ny kraft ut av fylket.

Statnett har i samarbeid med Istad Nett og SFE Nett informert NVE om dette. Vi har anbefalt at NVE i konsesjonshandsaminga tek forbehold om at sentralnettkapasiteten vert oppgradert. I praksis vil dette bety at at den planlagde 420 kV linja mellom Sogndal og Ørskog vert ferdigstilt saman med nødvendige transformeringspunkt 420/132 kV. Saman med Statnett har vi vurdert at dagens sentralnett mellom Sogndal og Ørskog berre har kapasitet til den nye produksjonen som allereie har fått konsesjon.

Vi legg til grunn at denne linja vert realisert, men tidspunktet er noko usikkert. Vi kan ikkje gje tilsagn om noko nettkapasitet før 420kV Ørskog – Sogndal med tilhøyrande transformeringspunkt er realisert.

I søknaden kap. 2.5.5 Elektriske anlegg for tilkopling til eksisterande nett er aktuelle nettilkoplingsalternativ omtalt.

SFE Nett vil påpeike at nemnde mogelege nettløysingar gir ulike utfordringar i nettet.

Alternativet som har 1. prioritet i søknaden inneber at overføringa frå kraftverket til Reed transformator vil skje på 22 kV. Det må då etablerast ny transformator i Reed transformatorstasjon med brytarfelt både på 132 kV og 22 kV sida av transformatoren.

Alternativet som har 2. prioritet i søknaden inneber transformering opp til 132 kV i kraftverket. Det er her tenkt tilknytning til eksisterande 132 kV linje Reed- Skei med ei T-avgreining. T-punktet må vere på ein stad med tilkomst for høveleg køyretøy. For at ei slik T-tilnytning skal vere noko lunde tilgjengeleg må den plasserast eit stykke (ca. 1 km) frå kraftverket og i nærleiken av innmark. Minimum brytarutrustning i T-avgreininga bør vere effektbrytar mot kraftverket og skillebrytarar med jordknivar i linja mot Reed og Skei. Utrustinga i linja vil bli synleg i landskapet. Dette alternativet medfører minimale tiltak i eksisterande Reed transformatorstasjon.

I Alternativ 1 føreset søkjar at eksisterande transformator 66/22 kV vert bytt ut med ein ny og større transformator 132/22 kV. SFE Nett vil påpeike at eit anna alternativ kan vere å sette inn ein ny 132/22 kV transformator spesielt for Breim kraftverk utan å fjerne den forholdsvis nye eksisterande transformatoren 66/22 kV, 50 MVA. Nettløysing må utgreiast nærare. Vi føreset elles at Statnett som systemansvarleg vil uttale

.....Kraftfull og nyskapande med lokale røter.....

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 092
E-post: post@sfe.no

SFE Kraft AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 076
E-post: post@sfe.no

SFE Nett AS

Bukta, 6823 Sandane
Besøksadr. Hamregata 1, Florø
Telefon: 57 74 61 00
Telefaks: 57 74 61 01
Org. nr.: 984 882 114
E-post: post@sfe.no

SFE Produksjon AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 106
E-post: post@sfe.no

seg om funksjonalitet for eit kraftverk av denne storleik og om korleis kraftverket bør knytast til nettet, før det vert gitt konsesjon for ei bestemt nettløysing.

SFE Nett har førebels ikkje noko klar prioritering av dei to nemnde alternativa. Vi legg til grunn at val av nettløysing vert avklart i samråd mellom Breim Kraft AS, Statnett og SFE Nett. I alle høve vil kostnadene med nødvendige netttiltak i hovudsak måtte dekkast av kraftverket, anten som direkte kostnader eller som anleggstilskot etter gjeldande retningslinjer.

For øvrig viser vi til kommentarar vi tidlegare har gitt til meldinga av kraftverket.

Eventuell bygging av kraftverk må ikkje starte før det er oppretta nettilkoplingsavtale mellom SFE Nett og utbygger.

Vi håpar dette kan vere opplysende for Dykk og utbygger i det vidare arbeidet med prosjektet.

Med helsing
SFE Nett AS

Atle H. Isaksen
Seksjonssjef Nettforvaltning



Reidar Hope
Seniorrådgjevar